



Kommunal- og distriktsdepartementet,
Postboks 8112 Dep.,
0032 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Håvard Rød, 5557 2143

Fordeling av skjønsmidler til kommunane for 2025

Fordeling av skjønsmidlane

Vi viser til brev datert 5. juli 2024 og tildelt skjønnsramme for Vestland. For kommunane i Vestland har Statsforvaltaren fordelt ramma slik:

(tal i 1000 kr)

Kommunennummer	Kommunenamn	Skjøn i kr 1000,-		Endring
		2024	2025	2025 – 24
4601	Bergen	11 300	11 300	-
4602	Kinn	11 400	10 600	-800
4611	Etne	2 100	1 900	-200
4612	Sveio	2 800	3 000	200
4613	Bømlo	5 300	6 300	1000
4614	Stord	3 600	4 300	700
4615	Fitjar	2 700	2 000	-700
4616	Tysnes	1 600	1 600	-
4617	Kvinnherad	-	-	-
4618	Ullensvang	1 700	-	-1700
4619	Eidfjord	-	-	-
4620	Ulvik	-	-	-
4621	Voss	6 600	6 900	300
4622	Kvam	2 000	-	-2000
4623	Samnanger	1 500	-	-1500
4624	Bjørnafjorden	5 900	7 000	1100
4625	Austevoll	-	-	-
4626	Øygarden	3 900	5 000	1 100
4627	Askøy	2 700	4 000	1 300
4628	Vaksdal	-	-	-
4629	Modalen	-	-	-
4630	Osterøy	4200	5 000	800



Kommunenr	Kommunenamn	Skjønn i kr 1000,-		Endring
		2024	2025	2025 – 24
4631	Alver	6 900	7 400	500
4632	Austrheim	1 900	1 500	-400
4633	Fedje	1 100	1 100	-
4634	Masfjorden	-	-	-
4635	Gulen	-	-	-
4636	Solund	1 300	1 300	-
4637	Hyllestad	1 200	1 500	300
4638	Høyanger	-	-	-
4639	Vik	-	-	-
4640	Sogndal	5 400	5 400	-
4641	Aurland	-	-	-
4642	Lærdal	-	-	-
4643	Årdal	-	-	-
4644	Luster	-	-	-
4645	Askvoll	900	1 100	200
4646	Fjaler	1 400	2 000	600
4647	Sunnfjord	11 600	10 800	-800
4648	Bremanger	-	-	-
4649	Stad	3 500	4 000	500
4650	Gloppen	2 500	2 700	200
4651	Stryn	2 100	3 000	900
Til fordeling i budsjettåret		30000	28400	-1600
SUM		139 100	139 100	-

Statsforvaltaren har i si vurdering nytta:

- Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD) sitt brev om fylkesvise skjønnsrammer med retningslinjer, datert 5. juli 2024
- kommuneproposisjonen for 2025
- søknader/innspeil frå kommunane
- egne vurderingar og overordna økonomiske analysar av den enkelte kommune.

Nasjonalt er basisramma for skjønsmidlar til kommunane kr 800 mill. for 2025, av dette er ramma til Vestland på kr 139,1 mill. Både den nasjonale ramma og ramma til Vestland er nominelt uendra frå 2024.

Fordeling av ramma mellom ulike typar skjønsmidlar

Statsforvaltaren har gjort ei overordna fordeling av skjønsmidlane mellom ordinært skjønn i statsbudsjettet, fornyings- og innovasjonsprosjekt og til fordeling i budsjettåret:

tal i 1000 kr	2025
Ordinære gjennom statsbudsjettet	110 700
Fornyings- og innovasjonsprosjekt	14 200
Midlar til fordeling i budsjettåret	14 200
Sum	139 100



Midlar til fornyings- og innovasjonsprosjekt og fordeling i budsjettåret er førebelse rammer, og det kan i budsjettåret bli endringar mellom desse rammene. Ramma for midlar til fordeling i budsjettåret er redusert noko frå nivået i 2024 (med kr 1,6 mill.), slik at tilsvarande meir midlar blir fordelte i denne ordinære fordelinga. Brev om midlar til fornyings- og innovasjonsprosjekt for 2025 er sendt til kommunane i Vestland, med søknadsfrist fredag 1. november d.å.

I brevet frå departementet til statsforvaltarane er det presisert at føremålet med skjønsmidlar er å fange opp lokale tilhøve som ikkje er varetekne godt nok i inntektssystemet eller gjennom andre tilskotsordningar, og bidra til utvikling og fornying i kommunane. Skjønnsramma skal også vareta behov som kan oppstå i løpet av året. Med grunnlag i kunnskapen til Statsforvaltaren om tilhøva i kvar kommune, og i dialog med kommunane, skal det vere reelle vurderingar av behovet for skjønns-tilskot frå år til år. Dialogen mellom Statsforvaltaren og kommunane kan gjennomførast på ulike måtar. For kvart budsjettår skal det vere ei konkret vurdering av behovet for tildeling av skjønsmidlar.

Statsforvaltaren skal gjere ei heilskapleg vurdering av økonomien til kommunane og behov for skjønsmidlar. Skjønsmidlar bør bli gitt på grunnlag av kommunen sin overordna økonomiske situasjon, og ikkje på grunnlag av tilhøve i einskildståande sektorar.

I tillegg til retningslinjene frå departementet, har vi også vurdert følgjande omsyn:

- Sosiale kriterium
 - kommunar som har særlege utfordringar innan helse og sosial
 - det er oppretta ei eiga sentral tilskotsordning for små kommunar som har høge eigendelar til ressurskrevjande tenester. Vi har valt å ta omsyn til høg eigendel til ressurskrevjande tenester i ei samla vurdering
- Kommunar med ein vanskeleg økonomisk situasjon
- Kommunane sitt utgiftsbehov som kan ha samanheng med
 - spreidd busetnad
 - utgifter som har samanheng med å vere eit senter i regionen
 - andre særlege utgifter som kan vere utfordrande for kommunen.
- Samla vurdering
 - heilskapleg vurdering av kommunen sin økonomiske situasjon
 - utvikling i folketalet over tid
 - frie inntekter i 2023 korrigererte for variasjon i utgiftsbehov (ser på utgifts- og inntektssida samla, som viser om kommunen er betre/dårlegare finansiert enn landsgjennomsnittet (100) ut i frå utgiftsbehovet
 - høge inntekter, t.d. frå kraftverksemd og havbruk

Vi har for 2025 også vurdert endringane i inntektssystemet og verknader som dette gir for kommunane. Departementet har i sitt brev av 5. juli d.å. bedd statsforvaltarane for 2025 vere særskilt merksame på verknader av endringane i inntektssystemet.



Vurdering av kvar kommune

Under følgjer informasjon og vurdering for kvar kommune, som grunnlag for tildeling av ordinære skjønsmidlar.

4601 Bergen

Dei store byane har særlege store levekårsutfordringar, for ein stor del i samband med rus og psykiske lidingar. Kommunen sitt arbeid mot fattigdom bidreg til høge utgifter til sosialsektoren. Kommunen viser til at det er uvisst om nye kriterium frå 2025 vil vere tilstrekkelege til å kompensere dei høge utgiftene som kommunen har i sosialsektoren. Kommunen arbeider med å utjamne skilnader i oppvekstvilkåra for barn og unge. Talet på familiar med låg inntekt er aukande. Det blir arbeidd med å styrke det kulturelle og sosiale miljøet i område med opphoping av levekårsproblem. Kommunen har satsing på rustiltak, blant anna fleire mottaks- og oppfølgingsentre (MO-sentre), etablering av sprøyterom/brukarrom og rehabiliteringstiltak. Som regionsenter har kommunen tilbod til innbyggjarar i andre kommunar, t.d. innafor brannberedskap og kultur.

Frie inntekter i 2023 korrigererte for variasjon i utgiftsbehov er på 99 prosent av landsgjennomsnittet. Den økonomiske stillinga til kommunen er relativt god med tilfredsstillande høgt disposisjonsfond og moderat nivå på lånegjelda (men det må takast omsyn til at ein stor del av verksemda er organisert utanfor kommunen t.d. framleis mange private barnehagar).

Disposisjonsfondet må sjåast i samanheng med akkumulert premieavvik for pensjon. Akkumulert premieavvik kjem i økonomiplanperioden til å auke og utgjere ein større del av disposisjonsfondet. Det er pårekna at akkumulert premieavvik pensjon kjem til å bli større enn disposisjonsfondet etter 2025.

Samla taper kommunen frå 2025 noko på endringane i kostnadsnøkklane og endring i samband med skatt og inntektsutjamning. Kommunen taper også noko på ny modell for toppfinansieringsordning ressurskrevjande tenester, basert på førebels utrekning.

Etter samla vurdering blir skjønsmidlane til Bergen vidareført i 2025 med same tilskotsbeløp som i 2024, kr 11,3 mill.

4602 Kinn

Som ny kommune har det vore behov for å tilpasse tenestenivået etter nye føresetnader og rammevilkår. Folketalet har i dei siste åra vore stabilt med ei lita nedgang. Kommunen har ekstra utgifter til klassar med språkdelling (nynorsk-bokmål). Kommunen får utbetalt midlar frå Havbruksfondet. Frie inntekter i 2023 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigererte for variasjon i utgiftsbehov er på 103 prosent av landsgjennomsnittet. Kinn kommune har svak økonomi, med disposisjonsfond under landsgjennomsnittet og svært høg lånegjeld. I samla vurdering er det lagt vekt på at kommunen får midlar frå Havbruksfondet, spreidd busetnad og skyss av helsepersonell.

Kommunen har fått eit høgt årleg skjønstilskot etter etableringa. Vi legg framleis opp til eit høgt tilskot for 2025, men noko reduksjon dvs. frå kr 11,4 mill. i 2024 til kr 10,6 mill. i 2025.

4611 Etne

Kommunen har i dei seinare åra hatt eit stabilt folketal. Etne har utfordringar med trafikksikring langs vegane i kommunen. Dei lange tunnelane i Åkrafjorden fører til ekstra utgifter til brannberedskap. Frie inntekter i 2023 korrigererte for variasjon i utgiftsbehov er på 107 prosent av landsgjennomsnittet. Kommunen har framleis moderat gjeldsnivå og eit tilfredsstillande stort disposisjonsfond, som er noko under gjennomsnittet for landet. Det er nødvendig å gjere tilpassingar i drifta for at det skal bli rom for fleire investeringar som må bli lånefinansierte. Samla vurdering gir reduksjon med kr 200 000,- i skjønsmidlar frå 2024 til 2025, til kr 1,9 mill.



4612 Sveio

Kommunen har i dei seinare åra hatt eit stabilt folketal. Det er gjennomført store investeringar i skulesektoren. Kommunen har eit stort investeringsbehov, t.d. i brannstasjon og barnehage. Kommunen har høg eigenfinansiering av ressurskrevjande tenester. Kommunen har stor gjennomgangstrafikk både på veg og sjø, noko som krev høg beredskap. Kommunen har vist til høge utgifter til skyss av skuleborn som følgje av trafikkfarlege vegar. Frie inntekter i 2023 korrigererte for variasjon i utgiftsbehov er på berre 91 prosent av landsgjennomsnittet, med utbetalingar frå Havbruksfondet. Kommunen har eit svakt ordinært skattegrunnlag. Eigedomsskatten vart dessutan halvert i 2022 og teken heilt bort frå 2023.

Kommunen har hatt stor vekst i lånegjelda. Gjelda er framleis noko under gjennomsnittet for landet. Kommunen har eit høgt disposisjonsfond. Kommunen er i to ulike regionar, både Sunnhordland og Haugalandet. Innbyggjarane finn det naturleg å nytte tenester i begge regionane. For å ivareta innbyggjarane sine interesser, betaler kommunen for deltaking i interkommunalt råd for begge regionane.

Etter samla vurdering av økonomien, blir skjønsmidlane auka med kr 200 000,- frå 2024 til 2025, til kr 3,0 mill.

4613 Bømlo

Kommunen har over tid hatt eit stabilt folketal med noko vekst. Frie inntekter i 2023 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigererte for variasjon i utgiftsbehov er 96 prosent av landsgjennomsnittet. Kommunen fekk for tredje året på rad eit negativt netto driftsresultat i 2023. Kommunen har dekke delar av meirforbruket i 2023 med bruk av disposisjonsfondet. Disposisjonsfondet til kommunekassa er no brukt opp, og kommunen sitt udekte meirforbruk er på kr 12,2 mill. Det er ein risiko for at kommunen kan bli registrert i ROBEK. Det er nødvendig å bygge opp disposisjonsfondet og få større driftsreserve.

Kommunen har i dei siste åra hatt sterk auke i utgiftene til m.a. ressurskrevjande tenester, legetenester, barnevern og sosial stønad. Auka rentekostnader har også bidrege til den negative utviklinga. Fleire av kommunen sine legar har pensjonert seg utan at det har lukkast å få nye. Innleige av vikarlegar har ført til store ekstrautgifter. Utgiftene til barnevern har auka kraftig. Kommunen sitt meirforbruk har ført til at likviditeten er svekka, noko som medfører auka renteutgifter.

Vi vil auka det ordinære skjønstilskotet frå kr 5,3 mill. i 2024 til kr 6,3 mill. i 2025.

4614 Stord

Kommunen har over tid hatt eit stabilt folketal med noko vekst. Kommunen er eit regionsenter for Sunnhordland. Det er mange personar frå regionen som oppheld seg i kommunen og som slit med rus og psykisk helse. Kommunen har relativt høge kostnader i samband med dette. Kommunen har mange leigearbeidarar/gjestarbeidarar. Dette er viktig for næringslivet, men gjestarbeidarane gir ikkje grunnlag for statleg rammetilskot til kommunen. Frie inntekter i 2023 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigererte for variasjon i utgiftsbehov er 95 prosent av landsgjennomsnittet. Kommunen har svak økonomi, først og fremst må lånegjelda dempast for å unngå ein alvorleg økonomisk situasjon. Kommunen har svært høg lånegjeld. Disposisjonsfondet er framleis vesentleg lågare enn for landsgjennomsnittet. Kommunen har fått pålegg om reinsing av avlaup, noko som vil auka investeringskostnadene og gebyr for abonnentane.

Vi vil auka det ordinære skjønstilskotet frå kr 3,6 mill. i 2024 til kr 4,3 mill. i 2025.

4615 Fitjar

Kommunen har i dei siste åra hatt eit stabilt folketal. Kommunen har fått auka eigedomsskattinntekter som følgje av utbygging med vindmøller og utbetalingar frå Havbruksfondet. Kommunen har høg eigenfinansiering av ressurskrevjande tenester. Frie inntekter i 2023 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigererte for variasjon i utgiftsbehov er 105 prosent av landsgjennomsnittet. Disposisjonsfond er på landsgjennomsnittet og lånegjelda er relativt låg.



Kommunen hadde per 1.1.2024 3203 innbyggjarar. Då innbyggjartalet var over 3200 på dette tidspunktet, kjem småkommunetillegget til å falle bort i 2025 (om lag kr 3,3 mill.). Vi vurderer det slik at kommunen i staden vil få distriktstilskot Sør-Noreg i 2025, om lag på same nivå som noverande småkommunetillegg, slik at det ikkje er behov for å kompensere det nemnde inntektsbortfallet.

Vi legg opp til å redusere skjønstilskotet med kr 700 000,- frå 2024, til kr 2,0 mill. i 2025.

4616 Tysnes

Kommunen har hatt ei positiv folketalsutvikling i dei siste åra. Frie inntekter i 2023 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigererte for variasjon i utgiftsbehov er 108 prosent av landsgjennomsnittet. Kommunen har høge utbetalingar frå Havbruksfondet og høgt skattenivå. Kommunen har relativt stort disposisjonsfond og framleis låg lånegjeld.

Kommunen har høg formueskatt og vil få eit inntektstap som følgje av den planlagde halveringa av kommunal formueskatt, som kjem gradvis over åra 2025 og 2026. Trekkprosent i inntektsutjamninga for høgt skattenivå aukar, også gradvis i åra 2025 og 2026. Dessutan fell utbytteskatt bort frå 2025. Desse endringane blir ikkje teke omsyn til av overgangsordninga INGAR.

På bakgrunn av inntektstap som følgje av komande endring i skatt og inntektsutjamning, vil vi vidareføre skjønstilskotet i 2025 på same nivå som i 2024. Vi vil vurdere eventuell reduksjon av tilskot nærare i seinare fordelingar, når vi ser dei faktiske verknadene av endringane. Tilskot blir vidareført i 2025 med same beløp som i 2024, kr 1,6 mill.

4617 Kvinnherad

Kvinnherad kommune har hatt svak folketalsutvikling i dei seinare åra. Kommunen har mange brukarar under ressurskrevjande tenester, og høg eigenfinansiering etter folketalet. Det er spreidd busetnad i kommunen, som fører til høge utgifter til kommunale tenester. Kommunen har høge inntekter frå vasskraftanlegg og utbetalingar frå Havbruksfondet. Frie inntekter (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigererte for variasjon i utgiftsbehov var i 2023 på 118 prosent av landsgjennomsnittet. Kommunen er langstrakt og geografisk plassert på begge sider av Hardangerfjorden, også med busetnad på øyar utan fastlandssamband. Kommunen er vertskommune for eit psykiatrisk sjukehus.

På bakgrunn av høge inntekter får ikkje kommunen skjønstilskot i 2025.

4618 Ullensvang

I tida etter etableringa av den nye kommunen frå og med 2020, har det vore eit stabilt folketal. Frie inntekter i 2023 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigererte for variasjon i utgiftsbehov er 157 prosent av landsgjennomsnittet. Dei høge inntektene skuldast eigedomsskatt frå kraftanlegg, naturressursskatt og andre kraftinntekter. Høge straumprisar har bidrege til særlege høge inntekter i ein periode, og grunnlag for å byggje opp disposisjonsfondet. Organiseringa av den nye kommunen har vore krevjande. Dei tidlegare tre kommunane var i stor grad ulike. Den nye kommunen har spreidd busetnad med høge utgifter til tenester.

Med bakgrunn i det høge inntektsnivået med kraftinntekter, vart skjønstilskotet halvert frå 2023 til 2024, til kr 1,7 mill. i år.

Kommunen taper på endringar i inntektssystemet frå 2025 som følgje av at distriktstilskot Sør-Noreg kjem til å falle bort for kommunen. Dessutan fell regionsentertilskot bort. Ein stor del av inntektstapet vil bli kompensert av overgangsordninga INGAR på kort sikt. Kommunen vil framleis ha høge inntekter i 2025, også etter endringane i inntektssystemet. Vi vil difor ta tilskotet heilt bort for 2025.

4619 Eidfjord

Kommunen har høge kraftinntekter. Frie inntekter i 2023 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigererte for variasjon i utgiftsbehov er på 229 prosent av landsgjennomsnittet. Kommunen får ikkje skjønsmidlar på grunn av høge inntekter.



4620 Ulvik

Ulvik har over tid hatt ei svak utvikling i folketalet. Ulvik har eit bra inntektsgrunnlag med inntekter frå vasskraft. Frie inntekter i 2023 (alt inkl. havbruksmidlar) korrigererte for variasjon i utgiftsbehov er på 116 prosent av landsgjennomsnittet. Kommunen fekk eit negativt resultat for 2023. Kommunen har disposisjonsfond under landsgjennomsnittet, men ei moderat lånegjeld. På bakgrunn av eit godt inntektsgrunnlag får ikkje kommunen skjønsmidlar for 2025.

4621 Voss

Kommunen har hatt ei positiv utvikling i folketalet etter etableringa frå 2020. Kommunen fekk netto driftsunderskot både i 2022 og 2023. Grunnlaget for meirutgiftene vil i stor grad bli vidareført i år og neste år.

Kommunen har vist til økonomiske utfordringar, bl.a. stor vekst i behov innan helse- og omsorgstenester, stor vekst i utgiftene til brukarstyrt personleg assistanse (BPA), høg prosentdel eldre innbyggjarar med stor skilnad i behovet for tenester, førebygging for den yngre gruppa av dei eldre er viktig, utfordringar med å vere region- og skulesenter, høge utgifter til barnevern, rekrutteringsvanskar innan fleire fagområde, vidstrakt kommune med mykje kommunal veg å vedlikehalde.

I samband med endringane i inntektssystemet, vil kommunen sitt regionsentertilskot falle bort frå og med 2025. Kommunen sitt disposisjonsfond er lågt. Kommunen har framleis relativt låg lånegjeld.

Frie inntekter i 2023 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigererte for variasjon i utgiftsbehov er på 107 prosent av landsgjennomsnittet. Etter ei samla vurdering blir skjønsmidlane auka med kr 300 000,- frå 2024, til kr 6,9 mill. i 2025.

4622 Kvam

Kommunen har hatt eit stabilt folketal i dei seinare åra. Kommunen har høg eigenfinansiering av ressurskrevjande tenester. Kvam har geografiske utfordringar med risikoområde for flaum og ras. I kommunen er det ein stor del eldre innbyggjarar, høvesvis særleg i aldersgruppa frå 80 år og eldre. Kommunen arbeider med omfattande innsparingsprogram for å få ei berekraftig økonomi og driftsresultat i balanse. Kommunen har vist til særskilde utgifter som skulehelsetenester, i samband med privat vidaregåande skule med elevar frå heile landet, og stort behov for vedlikehald av mange kyrkjebygg.

Godt resultat for 2022 gav grunnlag for å opparbeide disposisjonsfondet, som no er godt over landsgjennomsnittet. Det gode resultat i 2022 skuldast primært høge kraftinntekter som følgje av høge straumprisar, men også inntekter frå Havbruksfondet. Det var eit relativt svakt resultat i fjor. Kommunen har eit høgt gjeldsnivå etter å ha investert mykje over mange år. Frie inntekter i 2023 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigererte for variasjon i utgiftsbehov er på 115 prosent av landsgjennomsnittet. Med bakgrunn i det høge inntektsnivået med kraftinntekter, vart skjønstilskotet halvert frå kr 4,0 mill. i 2023 til kr 2,0 mill. i 2024.

Vi vil ta skjønstilskotet heilt bort for 2025 på bakgrunn av høge inntekter.

4623 Samnanger

Kommunen har hatt eit stabilt folketal i dei siste åra. Kommunen har høg eigendel for ressurskrevjande tenester. Frie inntekter i 2023 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigererte for variasjon i utgiftsbehov er 113 prosent av landsgjennomsnittet. Kommunen har disposisjonsfond om lag på landsgjennomsnittet, og lånegjeld under landsgjennomsnittet. Kommunen tener på endringane i inntektsystemet frå 2025, med blant anna større småkommunetillegg.

I ei samla vurdering vil vi ta skjønsmidlane bort for 2025.

4624 Bjørnafjorden

Kommunen har hatt positiv utvikling i folketalet. Bjørnafjorden har hatt ein krevjande økonomi etter



samanslåinga mellom tidlegare Os og Fusa. Kommunen har hatt innsparingsprosjekt for å redusere driftskostnadene/auke inntektene. Arbeidet med å få økonomisk innsparing har førebels ikkje gitt så stor effekt som ønska. Det har samanheng med geografiske tilhøve som at den nye kommunen er delt av ein fjord. Det er vanskeleg å flytte tenester frå ein side av fjorden til ein annan, og ein del tenester kan ikkje bli flytta. Kommunen må t.d. ha legevakt og brannstasjon på begge sider av fjorden. Kommunen har ikkje eigedomsskatt.

Kommunen taper på endringar i kostnadsnøklane i inntektssystemet frå 2025, og dessutan bortfall av regionsentertilskotet. Kompensasjon frå overgangsordninga INGAR dempar negativ verknad på kort sikt, men det er pårekna å bli primært for 2025.

Frie inntekter (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigererte for variasjon i utgiftsbehov i 2023 er 92 prosent av landsgjennomsnittet. Bjørnafjorden har høgt disposisjonsfond, men lånegjelda er også høg. Samla vurdert får kommunen auka skjønsmidlar med kr 1,1 mill. frå nivået i 2024, til kr 7,0 mill. for 2025.

4625 Austevoll

Kommunen har hatt noko vekst i folketalet i dei siste åra. Avstandar og kommunikasjonar tilseier at det er ekstraordinære utgifter til beredskap og ambulansetransport. Strukturendringar i skulen har ført til ekstra skuleskyss for fleire elevar i båt. Frie inntekter i 2023 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigererte for variasjon i utgiftsbehov er på 106 prosent av landsgjennomsnittet. Kommunen har høge skatteinntekter både frå inntekt og formue, og utbetaling frå Havbruksfondet. Samla bidreg dette til ein god overordna økonomi, med eit godt disposisjonsfond. Lånegjelda er på gjennomsnittet for landet.

Kommunen vil få eit stort inntektstap frå 2024 til 2025 som følgje av nedtrapping av kommunal formueskatt og større trekkprosent i inntektsutjamninga. Begge endringane skjer gradvis over to år. Dessutan fell utbytteskatt bort frå 2025. Desse endringane blir ikkje teke omsyn til av overgangsordninga INGAR.

Kommunen får ikkje skjønsmidlar i 2024 som følgje av god overordna økonomi. Vi legg heller ikkje opp til skjønsmidlar for 2025. Vi vil likevel kunne vurdere skjønstilskot nærare i seinare tildelingar når vi ser dei faktiske verknadene av endringane i skatt og inntektsutjamning for kommunen.

4626 Øygarden

Kommunen har hatt høg folkevekst over mange år. Kommunen har ei ung befolkningssamansetjing, men det er venta ein stor auke i talet på eldre i åra framover. Kommunen ser no aukande utfordringar med fleire eldre som har behov for helse- og omsorgstenester. Den økonomiske situasjonen har vore krevjande etter at den nye kommunen vart etablert. I dei fire åra 2020-2023 har det berre vore netto driftsoverskot i 2022. Disposisjonsfondet er framleis lågare enn det bør vere, og det er ei målsetjing å byggje dette opp. Skattenivået i ny kommune er over 90 prosent av landsgjennomsnittet (var under i tidlegare Sund og Øygarden kommunar), slik at tilleggskompensasjonen for lågt skattenivå falt bort etter samanslåing.

Olje- og gassindustri er lokalisert i kommunen og bidreg til høg eigedomsskatt. Kommunen får utbetalingar frå Havbruksfondet. Frie inntekter i 2023 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigererte for variasjon i utgiftsbehov er 98 prosent av landsgjennomsnittet. Utdanningsnivået i kommunen er lågare enn i landet elles, også blant unge, og det er ei utfordring med fråfall i vidaregåande skule. Kommunen har ekstra kostnader til språkdeling som følgje av at mange foreldre ønskjer bokmål for borna i skulen. Samla vurdert får kommunen auka skjønsmidlar med kr 1,1 mill. frå nivået i 2024, til kr 5,0 mill. for 2025.

Askøy

Kommunen har hatt høg folkevekst i mange år og det er framleis ei ung befolkningssamansetjing. I dei siste åra har det vore nedgang i talet på dei aller yngste. I den same perioden har det vore stor



vekst i talet på eldre innbyggjarar i kommunen. Det må påreknast å bli ei utvikling mot ei vesentleg eldre befolkningsamansetjing. Dette er krevjande med omsyn til tenester og investeringar. Frie inntekter i 2023 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigererte for variasjon i utgiftsbehov er berre 89 prosent av landsgjennomsnittet. Det ordinære skattegrunnlaget er svakt. Dessutan har kommunen ikkje eigedomsskatt.

Statsforvaltaren gav i 2021 nye reviderte pålegg om utbygging innan vatn og avlaup. Dette inneber investeringar i eit betydeleg omfang. Det vil vere vanskeleg å dekke kapitalkostnadene av investeringane fullt ut gjennom gebyr frå abonnentane.

Kommunen får vertskommunetilskot på bakgrunn av at ein tidlegare HVPU-institusjon var lokalisert i kommunen. Ordninga med 50 prosent uttrekk ved fråfall, for kommunar med vertskommunetilskot under gjennomsnittet, er teken bort for 2024. Bortfall av denne ordninga, inneber eit vesentleg inntektstap for kommunen.

Samla vurdering gjev ein auke på kr 1,3 mill. i skjønsmidlar frå nivået i 2024, til kr 4,0 mill. for 2025.

4628 Vaksdal

Kommunen har i dei siste åra hatt negativ utvikling i folketalet. Kommunen har inntekter frå kraftverksemd, og ligg difor vesentleg over gjennomsnittet for landet på frie inntekter korrigererte for variasjon i utgiftsbehov. Kommunen har høge utgifter i samband med geografi og topografi, og mange av vegane er utsette for ras og naturhendingar. Dette fører til eit høgare beredskapsnivå enn det som er normalt utifrå kommunen sin storleik. Kommunen har eit høgt disposisjonsfond. Samla vurdert får ikkje kommunen skjønsmidlar for 2025 på bakgrunn av eit høgt inntektsnivå.

4629 Modalen

Kommunen har høge inntekter frå naturressursskatt, konsesjonskraft og eigedomsskatt frå vasskraftanlegg. Frie inntekter (alt inkl. havbruksmidlar) i 2023 korrigererte for variasjon i utgiftsbehov er 220 prosent av landsgjennomsnittet. Det har vore reduksjon i folketalet i dei siste åra. Det høge inntektsnivået gjer at kommunen ikkje får skjønsmidlar.

4630 Osterøy

Kommunen har hatt eit stabilt/svakt aukande folketal. Målt etter folketalet har kommunen hatt høg eigenfinansiering til ressurskrevjande tenester. Ein desentralisert struktur gir ekstra utgifter til tenester, som t.d. heimetenester og skuleskys. Osterøy har utbetalingar frå Havbruksfondet. Kommunen har mykje kommunal veg, og det er eit stort vedlikehaldsetterslep på dei kommunale vegane. Også stort behov for vedlikehald av kommunale bygningar. Frie inntekter (alt inkl. + havbruksmidlar) i 2023 korrigererte for variasjon i utgiftsbehov er 95 prosent av landsgjennomsnittet.

Kommunen hadde eit stort netto driftsunderskot i 2023, og disposisjonsfondet er etter dette blitt for lite. Kommunen har i fleire år hatt ein svak økonomi, og situasjonen er blitt svekka i 2023. Auka behov innan helsesektoren og auka finanskostnader har bidrege til den svake økonomien. Kommunen kjem positivt ut av endringane i inntektssystemet frå 2025.

Vi legg opp til å auke skjønstilskotet med kr 800 000,- frå nivået i 2024, til kr 5,0 mill. for 2025.

4631 Alver

Kommunen har hatt vekst i folketalet etter etableringa i 2020. Alver har høg eigenfinansiering av ressurskrevjande tenester. Kommunen har fått høg særskilt kompensasjon for nedtrapping av eigedomsskatt frå Mongstad-anlegget, etter regelendring frå og med 2019. Det vil bli gitt slik kompensasjon som særskilt fordeling også for 2025, som blir det sjuande og siste året i overgangsperioden. Kommunen har inntekter frå Havbruksfondet. Regionsentertilskotet fell bort frå 2025, men samla verknad av endringar i inntektssystemet ser ut til å bli liten.

Frie inntekter i 2023 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigererte for variasjon i utgiftsbehov er likt med landsgjennomsnittet. Alver har disposisjonsfond som ligg noko under landsgjennomsnittet.



Kommunen har høg lånegjeld.

Kommunen har store utfordringar med driftsbalansen i budsjett og økonomiplan. Det var eit relativt stort netto driftsunderskot i 2023. Disposisjonsfondet kan bli brukt opp innan nokre få år dersom ubalanse blir vidareført.

Skjønstilskotet blir auka med kr 500 000,- frå nivået i 2024, til kr 7,4 mill. for 2025.

4632 Austrheim

Kommunen har hatt eit stabilt folketal over tid. Kommunen har utfordring med å byggje opp disposisjonsfondet ytterlegare og få større driftsreserve. Disposisjonsfondet er framleis mindre enn det bør vere. Lånegjelda er moderat. Austrheim har utbetalingar frå Havbruksfondet, men dei er ikkje vesentlege. Frie inntekter i 2023 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigererte for variasjon i utgiftsbehov er 108 prosent av landsgjennomsnittet. Kommunen tener på endringar i inntektssystemet frå 2025 og vil få større småkommunetillegg.

Kommunen har eit relativt høgt ordinært skattenivå på inntekt og formue, som er stabilt. Etter samla vurdering vert skjønsmidlane reduserte med kr 400 000,- frå nivået i 2024, til kr 1,5 mill. i 2025.

4633 Fedje

Kommunen har over tid hatt nedgang i folketalet, men det kan sjå ut som om denne utviklinga no har snudd. Fedje har utfordringar med å rekruttere kvalifisert arbeidskraft til tenester innan fleire fagområde. Kommunen får midlar frå Havbruksfond, men eit lågt beløp samanlikna med andre kystkommunar. Kommunen arbeider aktivt med å leggje til rette for ny næringsutvikling, med sikte på å auke sysselsetjing og skatteinntekter. Frie inntekter (alt inkl. + havbruksmidlar) i 2023 korrigererte for variasjon i utgiftsbehov er på 124 prosent av landsgjennomsnittet. Kommunen har eit tilfredsstillande stort disposisjonsfond og låg lånegjeld. Samla vurdert blir skjønsmidlane uendra frå 2024 til 2025, kr 1,1 mill.

4634 Masfjorden

Kommunen har hatt ei svak utvikling i folketalet i dei seinare åra. Kommunen vil tape på endringar i inntektssystemet frå 2025, både på kostnadsnøklane og bortfall av småkommunetillegget. Inntektstapet vil i dei første par åra i stor grad bli kompensert av overgangsordninga INGAR. Frie inntekter i 2023 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigererte for variasjon i utgiftsbehov er på 154 prosent av landsgjennomsnittet. Kommunen har eit godt inntektsgrunnlag som følgje av kraftverksemd og havbruk, med låg lånegjeld og høgt disposisjonsfond. Med bakgrunn i høge inntekter får ikkje kommunen skjønstilskot.

4635 Gulen

Kommunen har hatt ei negativ utvikling i folketalet i fleire år. Kommunen har spreidd busetnad, og lange avstandar fører til auka utgifter for tenester til innbyggjarane. Kommunen taper på endringar i inntektssystemet frå 2025. Det skuldast både større trekkprosent i inntektsutjamninga og bortfall av småkommunetillegget (får no fullt tilskot). Overgangsordninga INGAR vil i stor grad gi kompensasjon dei første åra for bortfallet av småkommunetillegget.

Kommunen har høge utbetalingar frå Havbruksfond. Frie inntekter i 2023 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigererte for variasjon i utgiftsbehov er på 127 prosent av landsgjennomsnittet. Høge inntekter har gitt grunnlag for å opparbeide høgt disposisjonsfond. Kommunen har låg langsiktig lånegjeld. Etter ei samla vurdering av inntekter og økonomi, får ikkje Gulen kommune skjønsmidlar.

4636 Solund

Kommunen har hatt ei negativ utvikling i folketalet i dei siste åra. Kommunen taper på endringar i inntektssystemet frå 2025 som følgje av bortfall småkommunetillegget (får fullt tilskot no), men overgangsordninga INGAR vil i stor grad kompensere dette tapet over mange år. Frie inntekter i 2023 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigererte for variasjon i utgiftsbehov er 129 prosent av lands-



gjennomsnittet. Dei samla inntektene til kommunen vil variere relativt mykje frå år til år som følgje av at utbetalingane frå Havbruksfondet er variable og vesentlege for kommunen. Inntektene har lagt grunnlaget for å bygge opp disposisjonsfondet. Lånegjelda er på eit høgt nivå og vil auke som følgje av skuleinvestering. Denne investeringa er viktig for kommunen si utvikling. Vi legg opp til å vidare skjønsmidlane uendra frå 2024 til 2025, kr 1,3 mill.

4637 Hyllestad

Kommunen har hatt ei negativ utvikling i folketalet i fleire år. Midlar frå havbruk har bidrege positivt til økonomien. Disposisjonsfondet er noko over landsgjennomsnittet, og lånegjelda er under landsgjennomsnittet. Kommunen hadde netto driftsunderskot i 2023. Frie inntekter i 2023 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigererte for variasjon i utgiftsbehov er på 113 prosent av landsgjennomsnittet. Vi legg opp til å auke skjønsmidlane med kr 300 000,- frå 2024 til 2025, kr 1,5 mill.

4638 Høyanger

Kommunen har hatt ei negativ utvikling i folketalet over tid. Kommunen har høge kraftinntekter. Frie inntekter (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigererte for variasjon i utgiftsbehov var i 2023 165 prosent av landsgjennomsnittet. Kommunen vart i 2023 registrert i Robek etter vesentleg tap på avtalar for sal av konsesjonskraft, som førte til stort meirforbruk i rekneskapen for 2022. Kommunen er teken ut av registeret no i år på grunnlag av at meirforbruket er dekt inn i rekneskapen for 2023.

Kommunen taper på endringane i inntektssystemet frå 2025, i hovudsak som følgje av bortfall distriktstilskot Sør-Noreg. Ein stor del av tapet vil bli kompensert av overgangsordninga INGAR i dei første par åra. Dei høge inntektene er grunnlag for at kommunen over tid bør ha god økonomi. På denne bakgrunn, legg vi ikkje opp til skjønsmidlar for 2025.

4639 Vik

Kommunen har hatt nedgang i folketalet i fleire år. Vik har vesentleg fleire innbyggjarar i dei eldre aldersgruppene enn landsgjennomsnittet. Kommunen gjennomfører ei stor investering i nytt helse- og omsorgssenter. Investeringa er viktig for å tilpasse tenestene til behovet framover, men investeringa vil bli krevjande med omsyn til høg lånegjeld. Frie inntekter i 2023 korrigererte for variasjon i utgiftsbehov er 142 prosent av landsgjennomsnittet. Det høge inntektsnivået skuldast eigedomsskatt på kraftanlegg og andre kraftinntekter. Disposisjonsfondet er godt over landsgjennomsnittet, men Vik har høg lånegjeld som kjem til å auke framover.

Kommunen taper på endringar i inntektssystemet frå 2025, i hovudsak som følgje av bortfall av småkommunetillegget (får fullt tilskot no). Inntektstapet vil i stor grad bli kompensert av overgangsordninga INGAR i dei første åra. På bakgrunn av høge inntekter, legg vi ikkje opp til skjønsmidlar for 2025.

4640 Sogndal

Kommunen har hatt ei positiv utvikling i folketalet. Som ny kommune har det vore behov for å tilpasse tenestenivået etter nye føresetnader og rammevilkår, og kommunen arbeider med omstillingar for å oppnå innsparingar. Kommunen har høge utgifter til ressurskrevjande tenester, og derav høg eigenfinansiering. Frie inntekter i 2023 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigererte for variasjon i utgiftsbehov er for Sogndal 109 prosent av landsgjennomsnittet. Disposisjonsfond målt etter driftsinntektene er tilfredsstillande, men under landsgjennomsnittet. Lånegjelda er moderat.

Den økonomiske situasjonen er krevjande med overforbruk innan fleire sektorar, reduserte kraftinntekter og vesentleg auka rentekostnader. Som ein del av endringane i inntektssystemet, fell regionsentertilskotet bort i 2025.

Vi legg opp til å vidareføre skjønsmidlane uendra frå 2024 til 2025, kr 5,4 mill.



4641 Aurland

Kommunen har hatt noko nedgang i folketalet, men denne utviklinga kan no ha snudd til meir positiv utvikling. Aurland har høge utgifter (eigendel) til ressurskrevjande tenester. Høge kraftinntekter gjer at frie inntekter i 2023 korrigererte for variasjonar i utgiftsbehovet er så høge som 207 prosent av landsgjennomsnittet. Kommunen har god overordna økonomi med høge disposisjonsfond og låg lånegjeld. Vi legg ikkje opp til skjønsmidlar for 2025.

4642 Lærdal

Kommunen har hatt eit stabilt folketal i dei siste åra. Kommunen har inntekter frå kraftverksemd, som bidreg til at frie inntekter i 2023 korrigererte for variasjonar i utgiftsbehov er 115 prosent av landsgjennomsnittet. Lærdal har ein god overordna økonomi med frie driftsfond vesentleg over landsgjennomsnittet og ei lånegjeld som er moderat. Kommunen får ikkje skjønsmidlar for 2025.

4643 Årdal

Kommunen har hatt nedgang i folketalet, men denne utviklinga kan no ha snudd til meir positiv utvikling. Kommunen har høge utgifter (eigendel) til ressurskrevjande tenester. Det er no relativt høg arbeidsløyse i kommunen. Det er krevjande å rekruttere og sikre tilstrekkeleg kompetanse i tenestene. Kommunen har inntekter frå kraftverksemd, og frie inntekter i 2023 korrigererte for variasjonar i utgiftsbehovet er 116 prosent av landsgjennomsnittet. Kommunen har relativt lågt disposisjonsfond, men ei moderat lånegjeld. Kommunen får ikkje skjønsmidlar på bakgrunn av eit høgt inntektsgrunnlag.

4644 Luster

Kommunen har vekst i folketalet. Luster har høge kraftinntekter. Frie inntekter i 2023 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigererte for variasjon i utgiftsbehov er difor så høge som 128 prosent av landsgjennomsnittet. Kommunen har god overordna økonomi med høge disposisjonsfond og låg lånegjeld.

Kommunen taper på endringar i inntektssystemet frå 2025, både på kostnadsnøklane og på bortfall av distriktstilskot Sør-Noreg. Overgangsordninga INGAR gir i stor grad kompensasjon for inntektstapet på kort sikt, men verknaden vil i aukande grad kome seinare.

Kommunen får ikkje skjønsmidlar i 2025 på bakgrunn av eit høgt inntektsgrunnlag.

4645 Askvoll

Kommunen har over tid hatt nedgang i folketalet, men i det siste har utviklinga vore positiv. Kommunen har høge utgifter til ressurskrevjande tenester. Kommunen er ein «øykommune» og har høge driftskostnader, t.d. innanfor helse og omsorg. Frie inntekter i 2023 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigererte for variasjon i utgiftsbehov er 108 prosent av landsgjennomsnittet. Etter utbetalingar frå Havbruksfondet, har kommunen opparbeidd disposisjonsfond. Lånegjelda er noko lågare enn for landsgjennomsnittet.

Kommunen hadde eit stort netto driftsunderskot i 2023 som har redusert disposisjonsfondet. Fondet er framleis tilfredsstillande stort, men noko under landsgjennomsnittet. Vi vil auke skjønstilskotet med kr 200 000,- frå nivået i 2024, til kr 1,1 mill. for 2025.

4646 Fjaler

Kommunen har hatt noko vekst i folketalet i dei siste åra. Kommunen får utbetalingar frå Havbruksfondet. Frie inntekter (alt inkl. havbruksmidlar) i 2023 korrigererte for variasjon i utgiftsbehov utgjer 104 prosent. Kommunen har høg lånegjeld. Kommunen hadde eit stort netto driftsunderskot i 2023 som har redusert disposisjonsfondet. Fondet er framleis tilfredsstillande stort, men noko lågare enn for landsgjennomsnittet.

Kommunen vil i 2025 tape på endringar i kostnadsnøklane. På den andre sia vil kommunen få større småkommunetillegg. Vi vil auke skjønstilskotet med kr 600 000,- frå nivået i 2024, til kr 2,0 mill. for 2025.



4647 Sunnfjord

Kommunen har noko vekst i folketalet. Kommunen har høge utgifter til ressurskrevjande tenester. Frie inntekter i 2023 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigererte for variasjon i utgiftsbehov er for kommunen 102 prosent av landsgjennomsnittet. Kommunen har disposisjonsfond under landsgjennomsnittet. Lånegjelda er om lag på landsgjennomsnittet. Regionsentertilskotet fell bort frå 2025. Kommunen vil som følgje av endringane i inntektssystemet frå 2025 tape på endringar i kostnadsnøklane, men vil få distriktstilskot for Sør-Noreg som eit nytt tilskot.

Kommunen har meirutgifter som følgje av høgaste arbeidsgivaravgift for det som omfattar tidlegare Førde kommune. I 2004 vart kommunar (bl.a. Førde) overførde frå sone 2 til sone 1, det vil seie til sone med høgaste avgift. I 2007 vart ein stor del av desse kommunane tilbakeførde til sone 2. Førde kommune var ein av kommunane som vart verande att i sone 1 også f.o.m. 2007. Dei kommunane som var blitt overførde til sone 1 og vart verande att i sone 1 også f.o.m. 2007, fekk eigen årleg kompensasjon gjennom skjønsmidlane over ein lang tidsperiode. Denne kompensasjonen er seinare blitt trappa gradvis ned og teke heilt bort for dei aktuelle kommunane i landet. Vi finn det difor ikkje riktig å gi kompensasjon for meirutgiftene til høgare avgift for kommunen no.

Kommunen har frå oppstart i 2020 hatt innsparingsprosessar. Kommunestyret har vedteke betydeleg innsparing og omstilling framover for å tilpasse drifta til dei økonomiske føresetnadene. Det er ei vesentleg demografisk utvikling med færre barnehagebarn og skuleborn, og fleire eldre. Kommunen har ein viktig rolle som vertskommune også for andre kommunar, blant anna innan brannførebygging, lege- og andre helsetenester, lønnskøyting m.m.

Kommunen har fått eit høgt skjønstilskot etter etableringa. Vi legg opp til å vidareføre eit høgt skjønstilskot i 2025, men noko lågare enn i 2024. Skjønstilskot blir redusert med kr 0,8 mill. frå nivået i 2024, til kr 10,8 mill. i 2025.

4648 Bremanger

Kommunen har over tid hatt nedgang i folketalet. Kommunen har kraftinntekter og utbetalingar frå Havbruksfondet. Frie inntekter (alt. inkl. + havbruksmidlar) i 2023 korrigererte for variasjon i utgiftsbehovet er på 137 prosent av landsgjennomsnittet. Kommunen har bygd opp eit tilfredsstillande stort disposisjonsfond, som er over landsgjennomsnittet, og lånegjelda er moderat. Kommunen taper på endringar i inntektssystemet, i samband med kostnadsnøklane og som følgje av bortfall distriktstilskot Sør-Noreg. Overgangsordninga INGAR gir i stor grad kompensasjon for dette inntektstapet på kort sikt.

Kommunen får ikkje skjønsmidlar på bakgrunn av høgt inntektsgrunnlag.

4649 Stad

Kommunen har vekst i folketalet. Stad er ein svært langstrakt og spreidd bygd kommune. Dette utfordrar struktur og utgiftsnivå, som gjer det utfordrande å effektivisere tenestene innanfor gjevne økonomiske rammer. Utgiftsbehovet er høgare i kommunen enn for gjennomsnittet i landet. Kommunen er vertskommune for helsetenester og fleire institusjonar innanfor spesialisthelsetenesta, som Helse Førde har lokalisert på Nordfjordeid. Dette fører til ekstra oppgåver og auka behov for tenester. Kommunen får utbetalingar frå Havbruksfondet.

Frie inntekter i 2023 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigererte for variasjon i utgiftsbehov er på 99 prosent av landsgjennomsnittet. Kommunen har ved utgangen av 2023 disposisjonsfond noko over landsgjennomsnittet. Lånegjelda er relativt høg. Utfordringane er først og fremst den ordinære drifta i år og dei neste åra. Kommunen har store utfordringar med driftsbalansen i budsjett og økonomiplan. Det er i stor grad lagt opp til bruk av disposisjonsfond i år og dei neste åra i planperioden, som følgje av pårekna netto driftsunderskot i denne perioden.

Skjønsmidlane vart auka med kr 800 000,- frå 2023 til 2024, til kr 3,5 mill. Vi legg opp til å auke tilskotet med kr 500 000,- til kr 4,0 mill. for 2025.



4650 Gloppen

Kommunen har hatt vekst i folketalet. Kommunen arbeider med å redusere kostnader og gjennomføre tiltak med sikte på effektivisering og innsparing. Kommunen har ein krevjande økonomi framover, med svak økonomisk handleevne i år og dei komande åra.

Frie inntekter (alt inkl. havbruksmidlar) i 2023 korrigererte for variasjon i utgiftsbehov er likt med landsgjennomsnittet. Kommunen hadde netto driftsunderskot i 2023. Disposisjonsfondet er lågt og vesentleg lågare enn for landsgjennomsnittet. Lånegjelda er om lag på gjennomsnittet for landet.

Skjønsmidlane vart auka med kr 1,1 mill. frå 2023 til 2024, til kr 2,5 mill. Vi legg opp til å auke tilskotet med kr 200 000,- til kr 2,7 mill. for 2025.

4651 Stryn

Kommunen har hatt vekst i folketalet i dei seinare åra. Frie inntekter i 2023 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigererte for variasjon i utgiftsbehov er 95 prosent av landsgjennomsnittet. Disposisjonsfond er vesentleg lågare enn for landsgjennomsnittet. Lånegjelda er framleis moderat.

Det er behov for å gjennomføre nokre store investeringar framover. Lånegjelda vil difor auke i økonomiplanperioden. Flaum og rassikring vil også krevje ressursar. Skjønsmidlane vart auka med kr 1,4 mill. frå 2023 til 2024, til kr 2,1 mill. for 2024. Vi legg opp til å auke tilskotet med kr 900 000,- til kr 3,0 mill. for 2025.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid
assisterande statsforvaltar

Christian Rekkedal
fung. kommunaldirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent